



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL



Framlegg til Verneplan Smøla Høyringsutkast

FORORD

Det førebuande arbeidet med verneplan for Smøla starta i 1998 samtidig med at planlegginga av vindkraftparken på Smøla starta opp. Dette arbeidet representerer samtidig ei avklaring av ein del interesser knytt til naturverdiane i området vs. vindkraftutbygginga. Det blei då lagt fram ein fagrappo som inneheldt ei oppsummering av kunnskap og grunnlagsmateriale. Etter dette er det innhenta tilleggsinformasjon gjennom nye rapportar, slik at dette verneplanutkastet byggjer på kunnskap vi har fått om naturverdiane på Smøla fram til i dag.

Verneplanprosessen blei formelt oppstarta i april 1999. Gjennom ei rad møte og synfaringar har fylkesmannen mottatt mange innspel i saka, og fleire tilpassingar er gjort på grunnlag av dette.


Dei einskilde verdiane som vi ønsker å ta vare på gjennom vern kan frå ein lokal synstad verke små og ubetydelege. Sett i eit nasjonalt/internasjonalt perspektiv kan nettopp desse verdiane vere viktig å ta vare på for ettertida. Som eksempel kan nemnast dei store myrene med verdfull botanikk og rikt fugleliv. Eit anna eksempel er våtmarksområde og vassdrag/sjøområde der både havørn, anna fugl og eter er viktige stikkord. Såleis har Smøla fleire internasjonalt viktige verneverdiar som må sikrast for framtida.

Ved fleire høve er det dokumentert brei politisk semje om å verne eit representativt utval av norsk natur (jfr. resultatmål i ei rad sentrale politiske dokument). I så måte vil eit vern av delar av Smøla harmonere med dette målet. Samtidig veit vi at andre interesser som jordbruk og vindkraft har behov for å kläre rammevilkår for si verksemd. Gjennom ein verneplanprosess som denne søker vi å balansere mellom det å sikre nasjonale og internasjonale naturverdiar mot det å skape minst mogleg konfliktar for Smølasamfunnet si utvikling av næringsliv og busetting.

I den lokale høyringa vil det bli gjennomført møte med grunneigarane, kommunen og aktuelle organisasjoner i kvart av dei einskilde områda som blir omfatta av verneplanen. Der det er nødvendig ut frå ønskje frå grunneigarar evt. ut frå andre omsyn, kan det og bli gjennomført synfaringar.

Verneplanen vil bli sendt grunneigarane, rettshavarane, kommune, offentlege organ, organisasjoner med meir. Den lokale høyringa vil bli kunngjort i Tidens Krav, Nord-Vest Nytt og i Norsk lysningsblad. Informasjon vil og bli lagt ut på fylkesmannen si heimeside www.fm-mr.stat.no.

Molde juli 2003



Kjeld Brecke (e.f.)
ass. fylkesmann



Per Fredrik Brun
fylkesmiljøvernssjef

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelingen

Rapport nr.:
2003:03

Tilgjenge:
Open

Tittel: Framlegg til Verneplan Smøla. Høyringsutkast.	Dato: 17.07.2003
Prosjektansvarlege: Førstekonsulent Michael Røberg Eklo	Sidetal: 118 sider
Samandrag: Fylkesmannen har gjennom Verneplan Smøla laga eit framlegg til etablering av 14 naturreservat og 1 landskapsvernombord i Smøla kommune. Verneforslaget omfattar totalt 98,6 km ² landareal og 213,0 km ² sjø og ferskvann. Dette utgjør 35,8% av Smøla sitt totale landareal. Formålet med vernet av dei 14 naturreservata er for ein stor del å ta vare på verdifulle kyst-, myr- og våtmarksområde med tilhøyrande plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Områda omfattar viktige hekke-, beite-, myte-, overvintring-, trekk-, og fjørfeilingsområde for sjøfugl og vassfugl, samt leveområde for mellom anna havørn og oter. Formålet med vernet av landskapsvernombordet er å ta vare på eit eigenarta vakkert natur og kulturlandskap på kysten med det biologiske mangfald som pregar området. Spesiell verdi knytt seg til ein sær rik sjø- og vassfuglbestand, oterbestand, havørnbestand, og botaniske verdiar knytt til kulturlandskapet.	
Emneord: Naturreservat Landskapsvernombord Naturvern Smøla kommune	ISBN 82-7430-128-5 ISSN 0801-9363
 Per Fredrik Brun (fylkesmiljøvernsjef)	 Michael Røberg Eklo

INNHOLD

INNLEIING	9
NATURFAGLEG FRAMSTILLING AV FORESLÅTTE VERNEOMRÅDER	10
FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR	18
TILPASSINGAR SOM ER GJORT I ARBEIDSFASEN FOR VERNEPLAN SMØLA	19
RESTRIKSJONAR I NATURRESERVATA	21
RESTRIKSJONAR I LANDSKAPSVERNOMRÅDET	22
VERNEFORSKRIFTER FOR DEI ENKELTE VERNEOMRÅDA PÅ SMØLA	23
AUNVÅGEN NATURRESERVAT	24
BRATTVÆR NATURRESERVAT	30
EDØYVALEN NATURRESERVAT	36
FLØTJØNNA NATURRESERVAT	42
HOPVASSDRAGET NATURRESERVAT	48
JØA NATURRESERVAT	54
KYRHAUGVATNA NATURRESERVAT	60
MIDT-SMØLA NATURRESERVAT	66
MONSØY NATURRESERVAT	72
REMMAN NATURRESERVAT	78
ROSVOLL NATURRESERVAT	82
SJØVÅGEN NATURRESERVAT	88
SORTNA NATURRESERVAT	94
SØR-SMØLA NATURRESERVAT	100
SØR-SMØLA LANDSKAPSVERNOMRÅDE	106

INNLEIING

Oppstarta av verneplanarbeidet blei utlaust av at store energiaktørar i 1998 gav signal om at vindforhold og topografi på Smøla var egra til eit storskala vindkraftprosjekt. Fylkesmannen måtte derfor avklare naturvernverdiane i høve framtidige utbyggingsprosjekt.

Etter initiativ frå Smøla kommune blei "Smølaprosjektet" starta opp 1. aug. 1998. Her vart sentrale aktører i planlegginga samla for å koordinere framdrifta i vindkraftprosjektet. For å avklare omfanget av naturfaglege vernetema ferdigstilte fylkesmannen fagrapporren "Verneplan for Smøla kommune" i desember 1998. Denne rapporten viste verneverdiar for aktuelle tema og areal på Smøla.

Tidlegare har det både her i fylket og elles i Noreg vore vanleg med tematiske verneplanar, der ein verna område som til dømes var spesielle og/eller representativ innan kvart tema. Eksemplar på slike verneplanar er verneplan for sjøfugl, våtmarksfugl, havstrand, elveos og myr. Smøla skil seg frå andre kommunar her i fylket ved at mange av dei verdiane ein ønskjer å ta vare på er så tett samanlevde i kvarandre. På Smøla har ein derfor ei målsetning om å vurdere alle dei naturfaglege verdiane samla, slik at verneplan Smøla erstattar dei tematiske verneplanane som er vanlege både elles i fylket og i landet. I tillegg til naturverdiar innan dei tema som er nemnt ovafor er det på Smøla også andre viktige naturverdiar som havørn, eter, smølalirype, botanikk knytt til ferskvatn/ brakkvatn, kulturlandskap, kalkgrunn samt i noko grad insektfaunaen knytt til dei ulike naturtypane.

Den formelle oppstart av planarbeidet skjedde ved utsending av oppstartmeldinga i brev av 16.04.1999. Denne vart sendt til grunneigarar, rettshavarar, kommunale, fylkeskommunale og statlege organ på fylkesnivå, organisasjonar med meir. Planarbeidet blei og kunngjort i avisar. I tida 4.-6. mai 1999 blei det i samband med oppstart av verneplanarbeidet gjennomført møte og synfaringar på dei aktuelle verneområda. Eigne synfaringar og møte er gjennomført med kommunen, grunneigarar og Smøla jeger- og fiskeforening.

Frå desember 1999 til hausten 2000 blei det gjennomført møte med grunneigarar og rettshavarar for dei aktuelle verneområda. Det har vore vanskeleg å få full oversikt over alle grunneigarane i verneområda. Fylkesmannen har derfor kjøpt tenester frå kommunen til dette arbeidet, som blei utført i 2001 og 2002. Forslag på verneplan Smøla blei sendt til Direktoratet for naturforvaltning for fagleg godkjenning i brev av 22.08.2002. Direktoratet for naturforvaltning har med ein del merknader godkjent Fylkesmannen sitt verneforslag for Smøla i brev av 21.01.2003.

I dette høringsdokumentet skriv vi først litt om naturtilhøva i dei foreslalte verneområda, og kort om forholdet til mellom anna andre verneplanar, kommuneplanar og eksisterande forvaltningsplanar på Smøla. Vidare går vi inn på ein del tilpassingar av verneplanane som allereie er gjort i arbeidsfasen fram til no. Til slutt diskuterer vi generelt nokre av restriksjonane som vil gjelde dei verna områdene, før vi listar opp forslag til verneforskrifter for kvart enkelt område. Bakst i rapporten er det lagt ved kart over kvart område med føreslede vernegrensar, samt eit oversiktsskatt der alle dei føreslede verneområda er teikna inn.

NATURFAGLEG FRAMSTILLING AV FORESLÅTTE VERNEOMRÅDER

Det er utarbeidd fleire fagrapporatar som blir lagt til grunn for verneframlegga i Smøla kommune. Dei mest sentrale er rapport 6/98 frå fylkesmannen "Verneplan for Smøla kommune – fagrapport" og rapport 2000:3 frå Miljøfaglig Utredning, - "Botaniske tilleggsregisteringer for verneplanarbeidet på Smøla." Rapporten frå fylkesmannen er ein samanstilling av kjent faglitteratur frå Smøla, og inneholder mellom anna ein generell omtale om landskap og natur i Smøla kommune samt fagleg omtale av ein-skildområda.

Andre viktige fagrapporatar som blir lagt til grunn for verneplanarbeidet er :

- *Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 3/97, "Kulturlandskap – Forvaltningsplan for sørlege deler av Smøla".*
- *Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 8/96, "Biologisk mangfold på sørlege deler av Smøla".*
- *Møre og Romsdal fylkeskommune, "Kulturminne-registrering på Sør-Smøla", 1995.*
- *Miljøfaglig Utredning ans. "Kulturlandskap, forvaltningsplan for sørlige deler av Smøla. Statusrapport. Ressurser, bruk og interessekonflikter". Rapport 1996:22.*
- *Direktoratet for naturforvaltning, Norges vassdrag- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, "verdier i Fuglevågvassdraget, Smøla kommune i Møre og Romsdal". VVV-rapport 2000-21.*

- *Universitet i Trondheim, "Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen". Rapport botanisk serie 1984-5.*
- *Miljøfaglig Utredning, Geir Gaarder, 2001, Notat-rapport, "Botanisk tilleggsbefaring på Skjølberg, Smøla 02.09.2001"*
- *NINA 127: I-37, 1992 "Økologiske konsekvenser av taretråling" (undersøkelser med anna frå Smøla)*
- *Arne Follestad, "Ornitologiske undersøkelser i Smøla kommune 1974-1983"*
- *Naturgeografisk regioninndeling av Norden, Nordisk Ministerråd, NUB 1977:34*
- *Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Noreg: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss*

Nedafor er ei oversikt over areala til kvart av dei foreslalte verneområda (tabell 1) samt ei gjennomgang av områda basert mellom anna på rapportane som er lista opp ovafor.

Tabell 1. Oversikt over areal fordelt på totalareal, landareal og sjø/ferskvannsareal samt verneverdi for de foreslalte verneområdene på Smøla.

	Totalareal	Landareal	Sjøareal / ferskvatn	Total verneverdi
Aunvågen naturreservat	4,63 km ²	2,76 km ²	1,87 km ²	Nasjonal
Brattvær naturreservat	19,82 km ²	1,91 km ²	17,91 km ²	Nasjonal
Edøyvalen naturreservat	60,8 daa	14,3 daa	46,5 daa	Regional
Fløtjønna naturreservat	212,9 daa	131,6 daa	81,2 daa	Internasjonal
Hopavassdraget naturreservat	11,52 km ²	10,62 km ²	0,89 km ²	Nasjonal
Kyrhaugvatna naturreservat	228,2 daa	204,9 daa	23,3 daa	Nasjonal
Midt-Smøla naturreservat	49,48 km ²	48,48 km ²	1,00 km ²	Internasjonal
Monsøya naturreservat	2,37 km ²	0,52 km ²	1,85 km ²	Nasjonal
Remman naturreservat	20,34 km ²	0,10 km ²	20,24 km ²	Internasjonal
Sjøvågen naturreservat	557,0 daa	347,8 daa	214,2 daa	Nasjonal
Sør-Smøla øyområde				
Sortna naturreservat	7,09 km ²	0,16 km ²	6,93 km ²	Internasjonal
Sør-Smøla naturreservat	63,36 km ²	3,20 km ²	60,16 km ²	Internasjonal
Rosvoll naturreservat	10,24 km ²	4,53 km ²	5,69 km ²	Internasjonal
Jøa naturreservat	14,40 km ²	9,35 km ²	5,05 km ²	Internasjonal
Sør-Smøla landskapsvernombra	107,30 km ²	16,20 km ²	91,10 km ²	Internasjonal
TOTALT	311,6 km ²	98,6 km ²	213,0 km ²	

Til saman er 35,8 % av Smøla sitt totale landareal på 275 km² med i verneplanen.

Aunvågen naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Området er prega av heller fattig vegetasjon på land, naturleg nok etter som det er fattige bergartar i området. Sjøområda er derimot prega at straumrike og produktive tilhøve med svært rike tangbelte langs strender og i straumsunda, og med ålegrasleirer og område med store muslingsbestandar og smådyr knytt til mudderbotn.

Dette er særdeles gode beiteområde for fisk og fiskeetande dyr- og fugleartar, men og for vegetasjonsbeitande fuglar som grasender og songsvaner. Bestanden av oter er truleg noko av det tettaste som er registrert i Smøla, og området er naturleg nok eit viktig nærings-søksområde for havørn. Det er ikkje gjort spesielle registreringar av marinbiologiske tilhøve, men ut frå fysiske tilhøve og den aktivitet som elles er av sjøfugl og sjøpattedyr, er det grunn til å tru at også innan marinbiologiske tema vil området kunne merke seg ut. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappo 6/1998)

Når det gjeld botanikken innanfor havstrand og ferskvatn i området så er verneverdiane vurdert frå lokale til regionale.

Inngrep:

Badepllass i Fløtjønna. Kraftlinja til Veiholmen gjennom området. Riksveg 669 langs området i sør-aust og i nordaust. Oppdrettsanlegg for ål inne i Aunvågen. Verneområdet er arrondert slik at dette oppdrettsanlegget kjem utafor verneområdet.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer dei samla verneverdiane for området til nasjonale.

Verdivurderinga er i hovudsak knytt til våtmarksfugl og sjøfugl med nasjonale verdier og til oterbestanden som har internasjonal verdi. Dei marinbiologiske verdiane er lite undersøkt, men er forventa til å være frå nasjonale til internasjonale. Området har og stor verdi for havørn.

Brattvær naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Dette er ein eksponert ytterskjergard med nokså karrig vegetasjon, berre her og der oppgjødsela rundt oterhi eller sitjepllassar for måse og rovfugl, eller gjennom tang- og tarevollar. På fleire av holmane er det ferskvassdammar, dels med frodig vegetasjon gjennom naturleg oppgjødsling frå tang- og taredrift eller ved

oteroppgjødsling. Grunnområda i sjøen har stort sett kraftig tang- og tarevegetasjon og er viktige beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr (oter). Dette gjeld både som overvintringsplass, særleg for ærfugl og havelle, som hekke- og oppvekstområde for ærfugl, og som fjørfellingsområde for ærfugl (meir enn 2000 hannar talt opp ved Skalmen). Området har og jamt hatt bra hekkebestand av måsefuglar, særleg gråmåse, svartbak, men periodevis også terner og tjuvjo. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappo 6/1998)

Inngrep:

Fyrstasjon med ein rekke hus på Skalmen.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen vurderer dei samla verneverdiane for Brattvær naturreservat til å vere nasjonale. Naturverdiane er i først omgang knytt til sjøfugl, havørn og oter. For oter er verneverdien vurdert til internasjonal. Verdiane er og store når det gjeld våtmarksfugl. Marinbiologi er lite undersøkt, men verdiane er forventa å vere nasjonale.

Det gamle vernet på Skalmen fyr (naturbasenr. 157300009) må opphevest ved nytt vern, då det ligg innafor grensa til foreslått Brattvær naturreservat.

Edøyvalen naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Edøyvalen er en av de største havstrandmiljøa på finkorna substrat på Smøla. Variasjonsbredda i miljøet er ikkje stor. Området har ein del strandenger med mellom anna ishavstarr, salturt og havbendel. Havstrandmiljøet er spesielt for Smøla, men er like godt og betre representert andre stader i fylket.

Området er ikkje nærmere analysert med tanke på beitefunksjon for fugl eller som hekkelokalitetet for fugl. Det er og konstatert at strandområda vert nytta som beiteplass for vadefugl under hausttrekket, det er kjent at grågås med kull nyttar denne lokaliteten sommartid og på ettersommaren, og vinterstid ligg det periodevis songsvaner i området.

(Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappo 6/1998)

Edøyvalen er ein av dei største havstrandmiljøa på finkorna substrat på Smøla, og arealet med mudderfjære er relativt store. Det intensive hestebete gjorde at vegetasjonen var vanskeleg å registrere. Intensiteten av beitet var for stor i 1999. Edøyvalen er i kommunal samanheng eit spesielt og verdifullt miljø, men skil seg i havstrand samanheng ikkje ut regionalt eller nasjonalt. (Gaarder G., Jordal J.B. 2000:3)

Inngrep:

Det er sterkt beitepress på havstranda frå hest. Det er tilplanta skog i aust, og det går eit gjerde gjennom området. Veg i sør og vest. Kommunen har grove ned vassleidning innafor arbeidsgrensene til området.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen vurderer totalt sett verneverdiane til å ha eit potensiale som regionale. Verneverdiane er knytt til havstrand som er vurdert til lokal verdi (usikert knytt til vanskeleg registrering), og til fugl som ikkje er godt nok undersøkt, men er vurdert til regional verdi med dagens kunnskap.

Fløtjønna naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Naturfagleg er dette ein av dei mest spesielle einskild-lokalitetane i Smøla kommune. Plasseringa i øvre del av springflosona gjer at sjøvatn går regelmessig inn i vinterhalvåret og fører periodevis med seg tang, medan det i lange periodar i sommarhalvåret ikkje går tidevatn inn i tjørna. Saltinnhald varierer derfor mykje, frå periodevis nokså marint i vintersituasjonen til nokså ferskt i periodar på sommaren.

Den biologiske produktiviteten er svært god, særleg uttrykt gjennom ein særdeles tett og frodig undervass-vegetasjon. I ein periode dominerte skruehavgras fullstendig. I 1998 var tjønnaksarten butt-tjønnaks nær einerådande, men kvantitatativt minst like produktiv som havgras. Dette gjev særdeles gode beitevilkår for våtmarksfugl, særleg vegetarianarar, og lokaliteten tener både som hekkelokalitet for grasperender av eit breitt artsutval, også av dei mest kravfulle artane, og som beiteplass under hausstrekket og i isfrie periodar om vinteren. I dei mest intense beiteperiodane kan maksimumstala av ender og svaner vere svært store, periodevis også for grågås. Pr. areal er dette den våtmarkslokaliteten i Smøla som har registrert langt største både artsutval og bestandstettleik av andefugl. Også som oppvekstlokalitet for andekull merkar lokaliteten seg ut med svært høge tal, og med stokkand, kikkand og brunnakke som dei dominerande.

Fløtjønna er lite påverka av inngrep, og er svakt påverka av næring frå landbruksareal. Hovudårsaka til den store biologiske produksjonen er truleg naturleg. Den sjeldne arten butt-tjønnaks dominerer heilt i det søndre vatnet og er også talrik i det nordlege. Dette er den einaste kjente lokaliteten for butt-tjønnaks i Møre og Romsdal. Også noko busttjønnaks blei registrert. I kantsona til vatna og langs utløpsbekken er det områder med frodig sumpvegetasjon som ande-

mat, dikeminneblom, bekkestjerneblom, saftstjerneblom, sumpkarse, havstarr og fjøresivaks. Indre deler av Skjølbergvågen har innslag av forstrandsamfunn med ein god del salturt, saltbendel og mindre av saftmelde og saftarve. Det er også noe saltenger med saltsiv og brakkvassenger med rustsivaks, pølstarr og fjøresivaks. Dei botaniske verdiane isolert sett viser at området har minst regional naturverdi, men når også faunistiske kriterier blir lagt til grunn, blir verdi-en vesentleg høgare. (Gaarder G., Jordal J.B. 2000:3)

Inngrep:

Riksveg 669 går langs nordsida av vatnet. Det er dumpa litt overskottsmasse og røter langs vegen. I begge endar av vatnet er det avrenning frå jordbruksareal. I vestenden går dyrkamarka nesten ned til bredden.

Fylkesmannen si vurdering:

Dei samla naturverdiane blir av fylkesmannen vurdert til internasjonal med bakgrunn i den spesielle og store verdien denne naturtypen har for våtmarksfugl. Ferskvassbotanikken og havstrandbotanikken blir vurdert til regional. Som våtmark har området så stor verdi at det bør vurderast ein internasjonal status som Ramsarområde.

Hopavassdraget naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Landskapet langs vassdraget er, som store delar av Smølanaturen, prega dels av store myrflater, dels av hei og bergryggjar. Langs austre del av vassdraget er to av myrkompleksa klassifiserte som myrbotanisk viktige og verdifulle, og desse områda er samstundes viktige for våtmarksfugl, først og fremst vadefuglar. Dei viktigaste, ornitologiske interessene knyter seg likevel til sjølve vassdraget med forgreiningar. Dette er gjennomgående frodige, vegetasjonsrike vassdrag og elvestrekningar som tener som hekkelokalitetar for ei rekke andeartar, fleire av dei svært kravfulle. Avrenning frå jordbruksareal har hatt positiv verknad spesifikt for fleire av desse artene, men avrenninga er totalt sett ikkje positiv. I tillegg er dette også viktige beiteplassar for ender og svaner i trekktidene og i isfrie periodar vinterstid. For beitande fugl er det mengde og kvalitet av planteproduksjon som er viktig, men vassdraget gjev og vilkår for kravfulle planteartar, og ferskvassbotanikken i dette området inneheld såleis fleire sjeldne planter. Vassdraget er dessutan fiskerikt og gjev grunnlag både for sportsfiske og for fiskeetande dyreartar som oter. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappport 6/1998)

Hopavassdraget er vesentleg påverka i øvre deler av nedbørsfeltet frå oppdyrkings-prosjektene på Frostadheia, og er tydeleg påverka av landbruksforeining i fleire bekkar og vatn. Dette har påverka artsutvalet og gitt næringskrevande artar som takrør, amerikamjølke og andemat og til dels sjeldne vannplanter som kjempepigknopp. Verneverdien når det gjeld botanikken på havstrand og i ferskvatn er vurdert til regional. (Gaarder G., Jordal J.B. 2000:3)

Inngrep:

Riksveg 669 går gjennom området med bru over utløpet av Hopaelva i nord. Her går også kraftlinje, telefonlinje og kloakkledningar. Ingen andre kjente inngrep. Vassdraget er prega av avrenning frå oppdyrka myr utafor verneområdet. Tidlegare overføring (overføringsleidning ligg nedgrave) av vatn frå Litlvatnet til Fløvatnet i samband med eit settefiskanlegg

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen vurderer dei samla verneverdiane i Hopavassdraget naturreservat til nasjonale. Dei største verneverdiane er for våtmarksfugl, og også her er dei så store, at ein internasjonal status som Ramsarområde bør vurderast. Verneverdiane er og store når det gjeld myrbotanikken og for havørn og oter. Etter utbygginga av vindkraftparken kan området sin verdi for havørn auke.

Kyrhaugvatna naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Etter alt å døme er dette opphavleg ein grunn strandsjø av ein type som i dag stort sett er anten drenert eller heilt attgrodd dei fleste andre stader. Det er relativt store område med gjengroingsmyr i sørlege og vestleg del av lokaliteten, medan austlege og nordlege del har mest ope vatn. Vegetasjonen synest å vere dominert av flaskestarr og torvmose, men det er ikkje gjennomført nærmere undersøkingar.

Det er konstatert at ein del fugleartar nyttar lokaliten (ender, vadefuglar, hegrar), og av dei undersøkte ferskvasslokalitetane i Smøla er dette den med størst registrert variasjon av insekt. Ut frå topografi og utforming er dette ein ferskvasslokalitet som av type er fatalig i fylket, og som mogleg har eit naturfagleg sær preg ut over det vanlege. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappor 6/1998)

Kyrhaugvatna er låglandsvatn på lausmasser og nærmast upåverka av grøfting og senking. Dette er blitt svært sjeldant no. Lokaliteten er og lite påverka av næringstilførsel frå landbruket. I vatna finst ordinær langskuddvegetasjon som kantnøkkerose, vanleg

tjønnaks, flotgras og krypsev. Rundt det nordre vatnet er det ein del intermediær myr med myrsnelle, myrklegg, kornstarr, loppestarr, tverrbostarr og myrsaulauk. I tillegg er området voksestad for ein regional veldig sjeldan art som her har sin einaste kjente førekjoms i fylket, nemleg kjevlestarr. Etter våre verdikriterier på botanikken får området regional verdi, men miljøet sitt sær preg kvalifiserer kanskje til høgare verdi. (Gaarder G., Jordal J.B. 2000:3)

Inngrep:

Kommunal veg langs aust- og nordsida av området. Delevis utfyldt. Vassleidning er grove ned i nord. Plantefelt nær området i vest innafor nedbørsfeltet.

Fylkesmannen si vurdering:

Kyrhaugvatna representerer ein naturtype som i dag er blitt sjeldan i så urørt form. Verneverdiane er knytt til ferskvassbiologi med nasjonal verdi, våtmarksfugl er lite undersøkt, men blir vurdert til regional verdi og myrbotanikken og ferskvassbotanikken frå regional til nasjonal verdi. På bakgrunn av at naturtypen er sjeldan og nærmast urørt vurderer Fylkesmannen den samla verneverdien for Kyrhaugvatna naturreservat til å være nasjonal.

Midt-Smøla naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Tre viktige naturtypar dominerer dette området:

Svære myrflater og myrkompleks. Svært store deler av landskapet vil kunne klassifiserast som myr, dels svært djup myr slik det er mest utprega på Toppmyra, Kjysvassmyra, Kvitmjølsokna, Holmsvassmyra, Røkmyrane og Jøstølmyra. Dels er det og grunnlendt myr med overgang til fukthei. Myrbotanisk omfattar dette eit breitt spekter av ulike myrtyper, både med tanke på topografisk utforming og plassering, opphav og næringsnivå. Etter ei botanisk klassifisering er dette noko av dei mest karakteristiske kystmyrane, men også noko av dei mest særmerkte myrområda som finst i vårt land, dels og i verdsområdestokk. Samstundes har desse myrane ein fuglefauna som og er særprega, først og fremst med nokre få vadefuglartar som karaktertergjevande, så som myrsnipe og småspove. For desse artane har området vore vurdert å ha noko av dei tettaste bestandane i vårt land.

Vassdrag med vatn langs sjølve vassdragsstrekningen, men med tjern og pyttar spreidd innover i myrterrenget. Dei fleste større vatna er relativt vegetasjonsfattige, men her er og ei rekkje vatn med frodig vegetasjon og sivbelte, med gode beitevilkår for våtmarksfugl som ender, svaner og grågås, for ender og gås

også som hekkeområde. Vassdraga er dessutan fiskerike, og ved sida av å vere attraktive sportsfiskevatn gjev det og livsgrunnlag for fisheetande artar som storlom og oter. For førstnemnde art er dette det viktigaste hekkeområdet i Møre og Romsdal. Smålomen hekkar og i området, men nyttar små myrtjønner og dammar, medan han hentar all maten i sjøen.

Heiområda, dels fattige bergrabbar med mose og lav, dels lyng- og bjønnskjegghei, men i sørlege del også kalkrabbar med frodig og kravfull vegetasjon i plantesamfunn som er sjeldne både i distriktet og i landet. Dette landskapet har og sine karakteristiske fugleartar, først og fremst med heiloen som den karaktergjevande, men og med ein fuglefauna som vanlegvis er å finne i fjellviddeterreng. Den lokale varianten av lirypa, smølalirypa, kan enkelte år vere relativt talrik og er saman med haren den viktigaste, jaktbare småviltarten utanom grågås.

Naturfagleg er dette landskapet noko av det mest særprega på Smøla og er dermed og noko av det mest spesielle av kystnatur som finst i Noreg. Dette går både på landskapet og landskapsformene i seg sjølv, og det går på artsutval og samfunn av planter, fugl og dyr. Likevel er særpreget i naturen først og fremst knytt til plantelivet og fuglelivet, og berre ut frå sin eigenart merkar dette område seg ut i nasjonal og internasjonal samanheng.

(Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappport 6/1998)

Det største enkeltområdet med kalkrik myr i låglandet i fylket ligg på Skjølberg på Smøla. Ekstremrik-myren arten Brunskjene er bare kjent frå Fræna, Eide og Smøla. Dei største førekommstane av arter knytt til ekstremrik-myren i låglandet er knytt til dette området.

Når det gjeld kalkrik hei, så ligg sannsynlegvis dei største og best utvikla førekommstane av denne naturtypen også innanfor Skjølberg. Landskapet på Skjølberg viser ein mosaikk mellom kalkfattige og kalkrike miljøer, og ein mosaikk mellom myr, hei og ferskvatn. For å sikre variasjonsbredda av naturtypar i fylket for framtida, er det nødvendig med eit formelt vern.

Fuglvågvassdraget er lite næringspåverka, og inneholder eit mangfold av arter som er typiske for vassdrag som er lite forureina som for eksempel skjørkrans og mattglattkrans. Rundt vassdraget ligg verdifulle myrområder frå regional til internasjonal verdi som Toppmyran, Røkmyran, kalmyrene på Skjølberg og Svartvassmyra/Kvitmjølsokna.
(Gaarder G., Jordal J.B. 2000:3)

Inngrep:

Det er spreidd noen hytter i området, samt noen jakt / fiskebuer. Storvatnet er drikkevassmagasin. Riksveg 669 går gjennom området i vest, fylkesveg 383 går gjennom området i aust og det går veg fram til stasjon for drikkevatn ved Storvatnet. Ned til utløpet av Fuglvågvassdraget går det ein enkel veg. Det ser ut til å vere gjennomført litt oppreinsking av utløpet. I Maurdalen og ved Svartvatnet er det ein spreidd barskogplanting. I Maurdalen er det og restar etter tidlegare gruvedrift.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen vurderer dei samla verneverdiane for Midt-Smøla naturreservat til å vere internasjonale. Verneverdiane er knytt til eit spesielt kystlandskap med verdifulle naturtypar innafor myr, vassdrag og heiområde, og artsutvalet / samfunn av planter, fugl og dyr. Området har og stor verdi for havørn. Verdien for havørn kan og auke nå når vindkraftområde blir bygd ut. Verneverdien innafor våtmark er så stor at ein internasjonal status som Ramsarområde bør vurderast.

Monsøya naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Deler av øya kan framleis karakteriserast som kulturlandskap, men utan spesielt interessant eller stor artsvariasjon eller innslag av særprega artar. Dels er det og parti med kystlynghei utan at dette er rike eller karakteristiske utformingar.

Området har ein særdeles tett bestand av oter, særleg knytt til nokre store oterurder der mykje av dei kringliggande områda er kraftig oppgjødsla og der vegetasjonen er dominert av nitrogenelskande planter. Dette er eit resultat av gode hiområde, men må og vere ha si årsak i god næringstilgang i sjøområda rundt. Generelt er dei kringliggende gruntvassområda registrerte som viktige beiteplassar for sjø- og vassfugl i vinterhalvåret.

Området er relativt lett oversiktleg, men utanom dei registreringane som er gjorde, tilseier både landskapet og dei registrerte førekommstane av oter og våtmarksfugl at også dei marinbiologiske tilhøva i området burde ha vore undersøkt nærare. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappport 6/1998)

Inngrep:

Det er eit fråflytta småbruk på øya. Det er eit gamalt kulturlandskap på øya som i dag vert beit av sau.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen vurderer dei samla verneverdiane i Monsøy naturreservat til nasjonale. Verneverdiane er i hovudsak knytt til sjøfugl og eter. Dei marine verneverdiane er lite undersøkt, men er forventa til å være store.

Remman naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Dei snauvaska skjera gjev lite grunnlag for permanent vegetasjon, men i sommarhalvåret kan det vere temmeleg frodig vegetasjon av salt-tolande, men nitrogenelskande planter i form av balderbrå, høymol o.l. på desse skjera. Stortareskogen med tilhøyrande økosystem er den mest storvaksne og velutvikla som er kjent på norskekysten.

Dette er tradisjonelt viktige hekkekoloniar for store måsar (gråmåse og svartbak), enkelte år også med store og tette koloniar først og fremst av raudnebbterne. Denne arten har likevel vore fåtalig dei fleste åra i nyare tid. Dessutan hekkar og ein relativt god bestand av ærfugl, medan området også tener som fjørfellingsområde for ærfugl og som sitjepllass for skarv vinterstid. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappport 6/1998)

Inngrep:

Ingen.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen vurderer den samla verneverdien for Remman naturreservat til internasjonal. Den store tareskogen brukast som vitskapeleg referanseområde. Marinbiologisk har området internasjonal verdi, og området er også et koloniområde for sjøfugl med internasjonal verdi. Som våtmarksområde er området spesielt verdifull for sjøender med ein nasjonal verdi.

Sjøvågen naturreservat:

Naturfagleg skildring:

Sjøvågen har relativt langgrunne strender, men er etter måten djup utover. Periodevis er det tydleg at det er klar ferskvass-skikning på toppen, slik at vegetasjonen i øvre del av strandsona har meir preg av ferskvassvegetasjon enn brakkvassvegetasjon. Dette gjeld enkelte av sivbelteplantene. I den tidevassspåvirka, nedre del av strandsona er det derimot dominans av arter som er klart favoriserte av ei viss brakkvass-effekt, som trådtjønnaks og kransalgeartar. Langs deler av strandsona er det relativt velutvikla undervassenger av desse artane. Dette er beitegrunnlag for ein del våtmarksfugl, både grasender, grågås og songsvaner, sistnemnde først og fremst haust og vinter. Langs stranda i Nelvikvågen er det på deler av

strekninga utvikla ein smal strandengbrem, og på dei breiaste tidevassflatene også ålegrasenger.

Dei to plantefelta i området har dei seinare åra gjennomgått markerte naturaliseringsprosessar, både gjennom vindfelling/sjølvtytning og gjennom aldring. Artsutvalet er stort, med innslag av fleire amerikanske granartar, norsk gran, vanleg furu og bergfuru, saman med lerk. Den eldste delen av dette feltet er truleg minst 80 år (bortimot 100?) og har etter kvart fått tre med grovere stammer og kraftigare greiner. I det svært fuktige lokalklimaet, særleg langs stranda mot Sjøvågen, er det utvikla påfallande rikelege skjegglavbestandar i barskogen. Plantefeltet på sørsida av Sjøvågen har over ei årekke vorte teik i bruk som overnatningsplass for havørn, med 25-30 individ registrert, og med innslag av både kongeørn og hønsehauk på same overnatningsplass. Dei seinare åra har både havørn og hønsehauk regelmessig hekka. Av dei registrerte overnatningsplassane for havørn i Smøla (og Møre og Romsdal) synest dette å vere den mest konsentrerte og talmessig største.

Plantefeltet mellom Sjøvågen og Nelvikvågen har også naturalisert seg, men har eit heilt anna preg enn det førstnemnde. Dette har først og fremst vorte ein viktig hekkelokalitet for ei rekke arter som elles er fåtalige i Smøla, så som ringdue, ramn, dompap, dessutan for gråhegre. I tillegg til dette er særleg strandsona langs sørsida av Nelvikvågen viktig som beite- og opphaldeplass for kullsamlingsplassane for grågås i hekketida. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrappport 6/98)

Sjøvågen har velutvikla undervassenger. Eit 20 m breitt belte langs stranda er dominert av trådtjønnaks, bustkjønnaks og grønkrans. I vestre del av vågen og nær utoiset er det strandengbelter med typiske strandengplanter. Det er også innslag av arter knytt til kalkrik myr som vill-lin, hårstarr, småsivaks, svarttopp, dvergjamne og jáblom. Bustarr blei og funne. I utoiset er det brakkvassenger med anna rustsivaks, taresaltgras, saltsiv, strandstjerne og gåsemure.

Sjøvågen har saman med Fløtjønna dei største og mest velutvikla undervassengene av tjønnakstypen som er funne på Smøla. I tillegg er det ein stor og vital bestand av kransalga Grønkrans. Grønkrans var inntil nyleg rekna som utrydda i Noreg, men er no kjent i ein lokalitet i Kristiansand forutan denne i Sjøvågen på Smøla.

(Gaarder.G. og Jordal J.B. 2000)

Inngrep:

Det går ein gardsveg langs sørsida av vatnet. Her går

og ei kraftlinje. I vågen langs vegen i sørvestre del av området er det tatt ut litt lausmasser til vegen og til jordbruksformål. Området inneholder eit kulturlandskap som er prega av beiting. Det er to eldre granplantingar i området.

Fylkesmannen si vurdering:

Havstranda i Sjøvågen er ein god representant for ein nasjonalt sett sjeldan og trua naturtype. På fuglesida ligg verdiane frå regional til nasjonal. Samla sett vurderer vi verneverdien i Sjøvågen til nasjonal.

Sør-Smøla øyområde:

(Sortna naturreservat, Sør-Smøla naturreservat, Rosvoll naturreservat, Jøa naturreservat og Sør-Smøla landskapsvernombordet:)

Mykje av området kan klassifiserast som kystkulturlandskap og er inngående skildra i samband med verdivurdering og forvaltingsplan for dette kulturlandskapet. Dette gjeld i særleg grad plantelivet, jamfør Gaarder og Jordal (1996), Jordal og Gaarder (1996), Jordal (1998) og Melby (1996). Sjølv om kulturlandskapet er i gjenvekst over store delar av området, er det framleis store areal som har høgt arts mangfold og som figurerer blant dei mest typiske og varierte områda av denne typen i Møre og Romsdal. Dette gjeld både grasmarksdominerte, beitepåvirka plantesamfunn og llynghiområde, og det gjeld beitedominerte strandengar. På dei mest skjerma og lune områda finst det spesielt varmekrevjande planteartar, såleis både sommareik og kristtorn på eller heilt nær global nordgrense. I denne samanheng er det verdt å merke seg at Edøyfjorden er det kystfarvatn i landet som skal ha den høgste, gjennomsnittlige temperatur i vatnet den kaldaste vintermåaden.

Naturfagleg er det dei marine områda som dannar det viktigaste grunnlaget for det meste av det som elles lever i området. Dette gjeld dei store tareskogane og tarefluene, dei rike tangbelta langs stranda og i vågar og valar, det gjeld eit rikt utval av bukter, pollar og dammar frå reint saltvatn via brakkvatn til ferskvatn, men likevel oppgjødsle av tilførsle frå sjøen, og det gjeld det rike dyrelivet som høyrer til. Det ligg ikkje føre systematiske undersøkingar av livet i sjøen i dette området, men ut frå både produktivitet og mangfold i området elles, er det ingen tvil om at området er rikt. Dette syner seg bl.a. i artsutval og mengder av sjø- og vassfugl som nyttar og er avhengig av området til ulike tider på året. Her finst dei største konsentrasjonane av artar som smålom, islom og gråstrupedykkar som er registrerte i vårt land vinterstid. Vinterbestanden av

gråhegre er og av dei største samlingane vi kjenner i Noreg. For ei rekke artar av sjøender er tala høge. Det gjeld ærfugl, sjørørre, havelle og særleg siland. Som hekkeområde har dette vore eitt av dei viktige grågåsområda i landet, og for fjørfellande fugl sommartid har det internasjonal tyding både for grågås, sjørørre og siland. Hekkebestanden av havørn er truleg den tettaste i verdsområdet. I tillegg til dette kjem jamt bra bestandar av ei rekke andre sjø- og kystfuglartar.

Med den rike tilgangen på næring er det og påfallande store bestandar av enkelte sjøpattedyr, først og fremst av oter, som i dei beste delområda må vere nær maksimal bestandstettleik av det som er kjent for denne arten. Det har og vore ein bra lokal bestand av steinkobbe. (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fagrapport 6/1998)

I forhold til havstrand er Jøa / Jøstøløya sammen med nordsida av Rosvoll det mest aktuelle området å verne etter naturvernlova. Havstrandbotanikken her er av nasjonal verdi. Jøa / Jøstøløya inneheld til dels gode førekommstar av dei fleste verdifulle og særprega havstrandsamfunna med havgras (begge arter påvist), bushttjønnaks, trådtjønnaks, havbendel, saftmelde og salturt. Området har i tillegg god arrondering, og er lite påverka av inngrep. Det er også artsrike og sjeldne ferskvassamfunn på Jøa med anna småvassoleie og hjertetjønnaks. Kulturlandskapet er i god hevd og innehalar store verdiar som naturbeitemark og llynghei.

Også nordsida av Rosvoll har nasjonal verdi knytt til havstrand. Området inneheld dei fleste verdifulle og særprega havstrandsamfunn, med arter som skruhavregras, bushttjønnaks, trådtjønnaks, havbendel, saftmelde og salturt. Det er også innslag av enkelte sjeldne artar som havsivaks. Området har god arrondering og er lite påverka av inngrep. Det finnест også ganske artsrike ferskvassamfunn i enkelte områder, som stautpiggknopp, småpiggknopp og skjørkrans. Enkelte områder er og i brukbar hevd som kulturlandskap og innehalar ein av verdas nordlegaste førekommst av kristtorn. (Gaarder. G og Jordal J.B. 2000)

Inngrep:

Over heile området er det sjømerke og fyrlykter.

Rosvoll NR: Eldre kulturmark innanfor området, hovudsak beiting. Det har tidlegare vore brukt noko kunstgjødsel. Hus / eldre busetnad på Svinøya. Det er planta litt barskog rundt eit kristtorntre og på ei øy.

Jøa NR: Eldre kulturmark, hovudsak beiting. Det er oppsett sauengjerde i området.

Sortna NR: Ingen kjente inngrep.

Sør-Smøla NR: Fleire fiskevær, eldre kulturmark.

Noen få hytter / fritidshus.

Sør-Smøla LVO: Fleire fiskevær, eldre kulturmark.

Noen få hytter / fritidshus. Aktiv landbruksdrift og busetnad på Kuli. Gammalt kulturlandskap med kulturminner. Lyngheia blir brent og beita på Kuli.

Det har og vore litt torvtekst på Kuli. Riksveg 669 går gjennom området over Kuli. Planlagt oppdrettslokalisitet i Blåsværsvaet.

Generelt: Kultur påverkinga har gitt landskapet sitt preg og mykje av den naturfaglege verdien.

Fylkesmannen si vurdering:

Fylkesmannen vurderer dei samla verneverdiane på Sortna naturreservat, Jøa naturreservat, Rosvoll naturreservat, Sør-Smøla naturreservat og Sør-Smøla landskapsvernområde som internasjonal. Dei botaniske verneverdiane er knytt til havstrand- brakkvass- og ferkassmiljø med nasjonale verdiar, til sjøfugl med nasjonale verdiar, til våtmarksfugl med internasjonale verdiar, til havørn og sjøpattedyr til internasjonale verdiar og kulturlandskap frå lokal til internasjonale verdiar. Området sin verdi for havørn kan og auke nå når vindkraftområdet blir bygd ut. Marinbiologisk er området lite undersøkt, men er vurdert til å ha verneverdiar frå nasjonal til internasjonal. Verneverdien innanfor våtmark er så stor at ein internasjonal status som Ramsarområde bør vurderast.

Det gamle vernet på Skjølbergøyane (naturbasenr. 157300007) må opphevast ved nytt vern. Ligg innanfor grensa til foreslått Jøa naturreservat

FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR

I påvente av behandlinga av Stortingsmelding nr 43 (1998-99) ”vern og bruk av kystsona” i Stortinget, blei verneplanar i sjø utsett. Stortingsmeldinga blei vedtatt i samsvar med innstillinga 25.05.2000.

Verneplan Smøla blei og utsett i påvente av nye retningslinjer knytt til Marin verneplan. Fylkesmannen har hatt som mål å koordinere desse to verneplanane. Retningslinjene frå rådgjevande utval for marint vern kom saman med forslag til marine verneområde i ein rapport av 17.02.2003. Vi har derfor hatt høve til å sjå forslaga til marint vern og verneplan Smøla i samanheng.

Både Remman og Griphølen er prioriterte områder i Marin verneplan. Det vil sei at områda Remman, Rosvoll, Jøa, Sortna, Sør-Smøla naturreservat og Sør-Smøla landskapsvernombordet har areal som vil vere med i begge dei to verneplanane. Når det gjeld Remman kan arealet som blir foreslått i Marin verneplan bli noko større, slik at verneområdet i Marin verneplan også omfattar djupområda sør for Remman. For dei andre verneområda er førebels arealavgrensinga lik i dei to verneplanane. Når det gjeld restrik-

sjonsnivå legg Direktoratet for naturforvaltning til grunn at restriksjonsnivået i Marin verneplan ikkje vil bli strengare enn restriksjonsnivået i Verneplan Smøla. Viss det likevel blir endringar i restriksjonsnivået eller arealavgrensinga i høve til forslaga til Marin verneplan, vil det bli eiga høyring på dette.

Smøla kommune har starta arbeidet med rullering av kommuneplana. Kommunen held også på med ein kommunedelplan for kysten. Kommunedelplana for kysten er godt koordinert med verneplanen når det gjeld lokalisering av marin næringsverksemder. Vi har mellom anna hatt fleire møter og fått fleire innspel frå Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal når det gjeld havbruksinteresser sett i forhold til retningslinjer i Stortingsmelding nr. 43 (1998-1999) ”Vern og bruk i kystsona”.

Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for grågås på Smøla. Det er viktig at denne forvaltningsplana vert revidert slik at føreslegne tiltak i forvaltningsplana tek omsyn til dei føreslegne restriksjonane i Verneplan Smøla.

TILPASSINGAR SOM ER GJORT I ARBEIDSFASEN FOR VERNEPLAN SMØLA

Gjennom arbeidsprosessene har det kome mange innspel på til verneplanarbeidet. Store og viktige saker som har blitt tatt opp er landbruksinteressene knytt opp mot jordressursane i samband med vern av myr, rett til fri ferdsel, jakt og fiske, hytteplanar og marin næringsverksem. Det har og komme inn ein del innspel når det gjeld mogleg ilandsstigningsforbod i naturreservata. Når det gjeld jordressursane, så er ressursgrunnlaget for kvart enkelt bruk på Frostadheia blitt vurdert i eit eige prosjekt. Gardbrukarane har kome med ei samla prioritering over kva for myrar som har dei viktigast jordressursane for framtidige generasjonar i forhold til aktuell vern av myr. Når det gjeld hytteplanar så har ikkje kommunen nokon overordna plan, men det er fleire lokale og private initiativ. Elles er mange enkeltgrunneigarar skeptisk til bandlegging av sin eigedom. Dei innspela vi har fått frå fiskarane rundt Smøla har vore positive til verneplanen.

Fylkesmannen vil gå inn for at det i samband med det formelle vernet blir konstituert eit rådgjevande utval som kan ha møte minst ein gong per år. Utvalet skal kunne ta opp prinsipielle saker og være eit kontaktpunkt mellom dei lokale interessene og forvaltningsstyresmakta. Utvalet bør ha einsamansetnad som representere dei ulike interessene på Smøla.

Aunvågen naturreservat:

Arbeidsgrensene er endra litt ved at det er tatt omsyn til den planlagte utvidinga som anlegget for åle- fiskeoppdrett har. For arronderinga av verneområdet har det lite å seie, og for dei totale verneverdiane i området så blir dei lite påverka. Denne endringa har mykje å seie for firmaet sine planer for framtida.

Brattvær naturreservat:

Arbeidsplassar er viktige for kommunen, og kommunen har sterkt ønsket at et initiativ med torskeoppdrett skulle sikrast. Planlagt etableringa av anlegget låg delevis innafor arbeidsgrensa til verneområdet. Vi har no arrondert området slik at det blir plass for det planlagte anlegget utafor verneområdet. Grensa går no over store Kvaløya og får kanskje ikkje ein naturleg grense, men vi unngår ein konflikt, og totalt for verneområdet har det lite å seie i forhold til verneverdiane.

Edøyvalen naturreservat:

Kommunen gjennomførte ein uheldig graving gjennom ei havstrandeng som fører til at vi foreslår ein mindre grenseendring i forhold til arbeidsgrensene.

Fløtjønna naturreservat:

I arbeidsprosessene er grensa trekt litt tilbake på nokre punkt i forhold til kulturmark. Området er også utvida litt slik at utløpet i Skjølbergvågen blir med i verneområdet. Vatna flør over ved stor flo og heng derfor naturleg saman med vågen. For å sikre heilskapen i dette systemet er utløpet i vågen og tatt med i verneområdet.

Hopavassdraget naturreservat:

Ved Hopen er grensa endra ved at det er tatt omsyn til synspunkt frå grunneigarar med planar om utnytting av strand- eigendommen som ikkje er i samsvar med eit reservat. Vi forventar at kommunen i sin planlegging / forvaltning av området tar omsyn til verneverdiane her.

Små endringar av grensa er og gjort ved Hopen grunna ein utbetring av riksveg 669 som førte til at litt havstrand blei øydelagt.

I sørvestlege deler av naturreservatet har vi kome i konflikt med området det er gitt konsesjon til vindkraft, ved at vi har hatt ein liten overlapp av områda. Fylkesmannen har no trekt verneområdet noko tilbake slik at vi ikkje verneområdet kjem inn i konsesjonsområdet.

Jøa naturreservat:

Fleire grunneigarar på Jøstølen har ønske om å regulere eit hyttefelt i området. I eit kompromiss med desse planane har vi endra grensa noko for å gje plass til ei utvikling i området. Dei endringane som er gjort påverkar totalt sett verneverdiane i området lite. Det er no opp til kommunen å regulere området i samsvar med dei signala vi har gitt i eit eige brev til kommunen.

Naturreservatet er utvida noko i arbeidsfasen i sørøst mot Rosvoll. Dette for å få ein meir naturleg arrondiring av verneverdiane i området.

Kyrhaugvatna naturreservat:

En mindre grenseendring for å unngå plantefelt i reservatet, og tatt ut ein grunneigar som berre var innafør med ein liten del. Også her har kommunen grove noko innafør foreslegne vernegrenser, men vi foreslår ingen grenseendring her grunna det.

Midt-Smøla naturreservat:

Røkmyrane og Holmvassmyrane:

A og B området i Moen A. 1984 er allereie oppdyrka. C området som og har nasjonal verdi er ikkje med i forslag til verneplan. Her har vi tatt omsyn til jordbruksnæringa sine ønskjer for å sikre framtidige planer for oppdyrkning. Røkmyra vest / Jøstølmyra: Mura var med i arbeidsfasen. Grensa er endra litt for å sikre eit aktivt bruk sine behov for oppdyrkning.

Store deler av Midt-Smøla naturreservat var i arbeidsfasen planlagt som både naturreservat og eit større landskapsvernombord. Fylkesmannen ønskjer no å opprette heile verneområde som naturreservat. Årsaka er at aktuelle inngrep som hyttebygging og oppdyrkning ville i hovudsak bli forbode også i landskapsvernombord. Verneverdiane flyt over kvarandre i heile området. Det vil og vere ein fordel og skape ein ryddigare prosess for grunneigarane i ein eventuell erstatningsprosess å få området som naturreservat.

Reservatet er utvida noko i løpet av arbeidsfasen nord for Klakkavågen. Klakkavågen er nært knytt opp til Fuglvågvassdraget og inneheld store verneverdiane knytt til våtmarksfugl.

Rosvoll naturreservat:

Langs vegen på den østlege grensa av verneområdet har vi redusert området noko i forhold til planlagt oppdyrkning av myr. I sør er verneområdet utvida mot Olderøya, Hoøya og Ellevsøya. Ellevsøya er seinare tatt ut av området igjen. Utvidinga fører til at Olderøya og Hoøya blir reservat i staden for landskapsvernombord på bakgrunn av verneverdiane knytt til fugl.

Sør-Smøla øyområde:

Dette området er først i arbeidsprosessen inndelt i landskapsvernombord og naturreservat. Sør-Smøla

naturreservat og Sortna naturreservat er blir foreslått etablert for å sikre dei største verneverdiane knytt til fugl. Landskapsvernombordet blir delt inn i A og B sone kor A sonen er forsøkt koordinert med kommunen sine ønskjer i kommunedelplan for kystsonen som eit NFFFA område og B sonen kor dei største verneverdiane knytt til fugl er, kor det er meir restriktivt i forhold til anlegg og aktivitet knytt til oppdrettsnæringa.

Ein vurdering mellom det å sikre verneverdiane innanfor landskapsvernombordet og det å sikre kommunen og dei som bor på Rosvoll større medverknad på utviklinga av sitt eige nærområde, har ført til at Fylkesmannen har redusert grensa for landskapsvernombordet rundt Rosvoll. Dei samme vurderingane er gjort for landskapsvernombordet sør for Straumen, kor landskapsvernombordet og er redusert i forhold til arbeidsgrensene.

For å sikre nokre verneverdiane knytt til to vatn nord/vest på Jøa har vi foreslått å utvide landskapsvernombordet litt her i forhold til arbeidsgrensene.

Litneset:

Var med i fagrappporten frå Fylkesmannen (Verneplan for Smøla kommune) kor området skulle vurderast som reservat med verneverdiane hovudsak på havstrand, men også innafør våtmark og sjøpattedyr. På bakrunn av ein gjennomgang av verneverdiane, inngrep i området og interesseomsetningar, har Fylkesmannen ikkje ønske om å fremme vern for dette området. Vi forventar at kommunen gjennom sin planlegging / forvaltning tar vare på dei verneverdiane som området inneheld.

Straumøya, Hestøya og Vikjeløya:

Var med i fagrappporten frå Fylkesmannen (Verneplan for Smøla kommune) kor området skulle vurderast som reservat med verneverdiane hovudsak på kulturlandskap og sjøfugl. På bakrunn av ein gjennomgang av verneverdiane har Fylkesmannen ikkje ønske om å fremme vern for dette området. Vi forventar at kommunen gjennom sin planlegging / forvaltning tar vare på dei verneverdiane som området inneheld.

RESTRIKSJONAR I NATURRESERVATA

Restriksjonane kan vere ulike for det enkelte reservatet. Felles for alle er likevel at alt plante-, fugle- og dyrelivet er freda. Alle tekniske inngrep er forbode og all ferdsel skal skje omsynsfullt i samsvar med fre dinga sitt formål.

Jakt og fangst kan skje etter gjeldande lovverk innafor perioden 21/8 til 14/4. Viss forholda endrar seg spesielt for Smøla, kan direktoratet for naturforvaltning regulere ved forskrift tidspunktet for jakt, og eventuelt forby jakt på enkelte arter.

Det er lov å drifta og vedlikehalde bygningar, anlegg og grøfter som er i bruk på fredingstidspunktet. Tradisjonelt beite er lov. Viss beitetrykket blir for stort kan likevel Direktoratet for naturforvaltning regulere beitetrykket med eiga forskrift.

Når det gjeld motorferdsel er det ikkje forbod mot bruk av båt med motor på sjøen. Unødig forstyrring er derimot ikkje lov, og det er gitt føringar om omsynsfull og forsiktig ferdsel i samsvar med formålet for fredingane. Med tanke på forstyrring er det forslag om forbod mot bruk av båt med motor i ferskvatn.

Sjølv om det er vanleg i reservat for sjøfugl å ha restriksjonar på ilandstiging på dei mest sårbare hekkeområda, gjekk Fylkesmannen i sitt forslag inn for at vi ikkje skulle legge inn ein slik restriksjon for Smøla. Direktoratet har likevel bedd Fylkesmannen om å sende på høyring ei verneforskrift som legg inn forbod mot ilandstiging på dei mest sårbare områda. Dei områda det er aktuelt med ilandstigningsforbod er dei større øyene og skjera som er brukt til hekking innafor Sortna naturreservat samt følgjande øyer i Sør Smøla naturreservat: 1 Lyngværet, Sandøya, Tørrisøya, Singsøya, Størøya med tilhøyrande små øyar og skjer, 2 Sandøya, Joøya og Rotværet med tilhøyrande små øyar og skjer. 3 Lyngprakkan, 4 Fjordprakkan, 5 Haugskjæra og 6 Høg-gjæslingen.

Både Havørn og sjøfugl flyttar rundt over tid, og det kan vere vanskeleg å treffe med eit slikt forbod. Å legge inn eit generelt forbod mot i landstiging i alle verneområda i sjø på Smøla, vil vere eit drastisk tiltak i forhold til den tradisjonelle bruken av desse områda, og det trusselbilde som denne bruken har.

Fylkesmannen vil derfor ikkje foreslå eit generelt

forbod mot ilandstiging i naturreservata utanom dei områda som er nemnt ovafor. På dei områda det no blir hørt på forbod mot ilandstiging vil forbodet ikkje gjelde grunneigarane og rettshavarane som har nødvendige formål med sin ferdsel. Aktuell periode med forbod vil vere 15. april til 15. juli. Den ferdsla og bruken av området som foregår i dag, er etter Fylkesmannen si vurdering av liten trussel i forhold til hekkande fugl. Viss dette trusselbiletet skulle endre seg i framtida i forhold til turisme eller anna, så er det lagt inn ein paragraf som gjer at Direktoratet for naturforvaltning kan lage ei eiga forskrift knytt til det aktuelle verneområdet som regulerer ferdsla i heile eller spesielle deler av verneområdet.

I dei generelle føringane i St.meld. Nr. 43 (1989-99), Stortingets handsaming av meldinga og i praksis frå Kystverneplan for Nordland, er det teke ein prinsipiell stilling til at det ikkje skal tillata havbruk i naturreservat. Fylkesmannen har og på Smøla gått inn for dette prinsipp på bakgrunn av dei nasjonale og internasjonale verdiane på sjøfugl. Direktoratet støtter Fylkesmannen på dette.

Når det gjeld taretråling så går Fylkesmannen inn for tråleforbod i naturreservata på bakgrunn av dokumenterte verneverdiar knytt til fjørfellingsområde for sjøfugl, teist- og skarvekoloniar. I Marin verneplan er det og ønske om fleire referanseområde der det ikkje blir tråla etter tare, og det er naturleg at desse leggast til slike område med dokumenterte verneverdiar. Direktoratet støttar Fylkesmannen i dette.

Verneforskriftene for naturreservata er bygd opp på følgjande måte:

- §1 Avgrensing av område.
- §2 Formålet med vernet.
- §3 Opplisting av kva som er forbode i verneområdet.
- §4 Opplisting av kva som er lov i verneområdet.
- §5 Kva for tiltak ein kan søkje om å få iverksette.
- §6 Reglar om ferdsel i verneområdet.
- §7 Generelle dispensasjonsreglar som gjeld når det ikkje er regulert av forskrifa elles og tiltaka ikkje strir mot formålet med fredinga.
- §8 Skjøtsel av verneområdet.
- §9 Regulerer kven som har forvaltningsmynde.
- §10 Iverksetjing av verneforskrifta.

RESTRIKSJONAR I LANDSKAPSVERNOMRÅDET

Når det gjelder landskapsvernområdet er det tatt omsyn til at det er aktivt landbruk og busettning innafor verneområdet. Vesentleg for dette området er det verdifulle kultur-landskapet, men også dei store verdiene innafor flora og fauna. Området er foreslått freda mot inngrep som vesentleg kan endre eller virke inn på landskapet sin art eller karakter. Drift og vedlikehald av jordbruksareal, vegar og bygningar kan fortsette som før. Etter søknad kan det bli gitt lov til å føre opp nye bygningar til landbruksformål. Eldre kulturmark utan store botaniske verdiar kan godkjennast til nydyrkning på Kuli.

For å ta vare på kulturlandskapet er det eit ønske at eit tradisjonelt beite blir oppretthalde. Oppdyrkning og gjødsling av havstrand er ikkje lov. Verdiene av kulturlandskapet er godt dokumentert på Smøla med rapportar og planar for forvaltninga av verdiene knytt til kulturlandskapet. Det er eit formål i verneområda og sikre kulturlandskapet. Det er derfor viktig at det med anna blir oppretthalde eit beite av dei gamle beitemarkene, at kulturhistoria og bygningane knytt til fiskeværa samt kulturminner og fornminner blir tekne vare på. Gamle ugjødsela grasmarksamfunn er ofte artsrike og kan ha sjeldne og trua arter. Desse

artene er avhengig av den tradisjonelle bruken av kulturmarka. Lyngheiene er også avhengig av tradisjonskunnskapen for å gro igjen.

Motorferdsel i samband med landbruk på Kuli kan skje som i dag. Bruk av motorbåt på sjøen er lov som i dag med unnatak for unødig forstyrring med bruk av vannski, vannscooter med meir. Direktoratet går vidare inn for at det skal vere lov med taretråling i landskapsvernområde.

Det er fleire øyer og skjer innafor Sør-Smøla landskapsvernområde som har hekkande sjøfugl og havørn, men Fylkesmannen går ikkje inn for noko forbod mot ilandstiging her. Jakt og fangst er tillate etter gjeldande lovverk i tida frå 21/8 til 14/4, i perioden utafor dette kan det også bli gitt lov til jakt på grågås i tråd med godkjent forvaltningsplan.

Verneforskrifta for landskapsvernområdet er bygd opp på ein anna måte enn for naturreservat, ved at den er organisert etter tema. Vi finn igjen det som er forbode, det som er tillate og det som det kan søkast om under det einskilde tema.

AUNVÅGEN NATURRESERVAT



Aunvågan naturreservat: Straumøya, Postøya, Kalvøya.
Bildet er tatt mot øst med Hopen bakrunnen. Bildet er tatt i mai 2003.

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR SMØLA I MØRE OG ROMSDAL FYLKE. FREDING AV AUNVÅGEN NATURRESERVAT I SMØLA KOMMUNE.

Fastsett ved kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, § 8, jfr § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr/bnr: 53/1,2,3,6 – 54/3,4,7,9,10,42 – 55/2,4,5,10,11,12,13,31

Reservatet dekkjer eit totalareal på 4629,8 daa Av dette er ca. 2760,8 daa landareal og ca. 1869 daa er sjøareal.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagde kart i målestokk 1: 10000 datert Miljøverndepartementet (mdn. og år). Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Smøla kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit verdifullt kystområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Spesiell verdi knytt seg til området som hekke- og næringsområde for sjøfugl og våtmarksfugl, og som leveområde for oter og havørn.

§ 3 Verneregler

For reservatet gjeld følgjande reglar jf likevel § 4 - 5

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler fra reservatet. Tang- og taresanking er forbode. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting og sång av tre er ikkje tillate.
2. Alt dyreliv, inkludert reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Nye dyrearter må ikkje førast inn. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.
3. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.
4. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, skjelkulturar som krev anlegg, plassering av campingvogner, brakker og liknande, opplag av båt, framføring av kloakkledningar, luftleidningar eller jordkablar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lagring eller dumping av avfall, tilføring av kloakk eller anna forureinande stoff, kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel, kalk eller gjødsel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje utømmande.
5. a) Motorisert ferdsel til lands, start og landing med luftfartøy og lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av motorbåt i ferskvatn er forbode. Bruk av vannscooter, vannski, paraglider og liknande er forbode. Forbodet gjeld også bruk av motor på modellbåtar, modellfly og liknande.
b) All ferdsel skal skje omsynsfullt og forsiktig i samsvar med fredingas formål, slik at området sine natur- og kulturverdiar vert teke vare på.
6. Bruk av reservatet til teltleire, idrettsarrangement, jaktprøvar eller andre større arrangement er forbode.
7. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsteneste. Øvingskjøring krev særskilt løyve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Fiske inkludert skjelsanking etter eigne lovverk med forskrifter.
4. Jakt og fangst er tillate etter gjeldande lovverk i tida frå og med 21/8 til og med 14/4. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift , regulere tidspunktet for jakt og fangst samt forby jakt på enkelte arter ut over reglane i viltlova.
5. Fangst av villmink er tillate i tråd med jakttidsforskrift gitt i medhald av viltlova.
6. Drift og vedlikehald av grøfter, bygningar og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
7. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
8. Inngjerding av innmark som ein naudsnyt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av småbåt på etablert båtplass for grunneigar / rettshavar.
10. Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
11. Bruk av dressert bufehund når den blir brukt til å gjete bufe. Bruk av hund må skje utafor hekkesesongen for fugl.
12.
 - a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Motorisert ferdsel i den samband krev særskilt lov.
 - b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvalningsstyremakta.
 - c) Oppgradering og fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt, når dette ikkje medfører store negative endringar i forhold til verneformålet. Tiltakshavar skal varsle forvalningsstyremakta før arbeidet startar.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta, kan etter søknad gi løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4 pkt. 1, 6, 7, 8, 12 bokstav a) og c), § 5 pkt. 2, 3, 4, 5, 6, 7, 11, 12 og sinking av drivved og opprydding.
2. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
3. Oppsetting av gjerde i samband med beiting av utmarksareal.
4. For å restaurere / halde vedlike kulturmark kan det bli gitt lov til manuelt uttak av tuegras, høymole og tistel på beite- og slåttemark. Fjerning av tre og buskar. Der det er tradisjon for det kan det og bli gitt lov til brenning av gras og lyngheier.
5. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
6. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdelsåre.
7. Vedlikehald og restaurering av kulturminne.
8. Avgrensa bruk av reservatet ut over det som er angitt i § 3 pkt. 6 og 7.
9. Jakt på grågås innanfor perioden 15.04 – 20.08 i tråd med godkjent forvaltningsplan.
10. Bruk av hund til jakt i tråd med gjeldande lovverk.
11. Etableringa av nye anlegg for Kystverket.
12. Oppgradering/ fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 pkt. 12.

§ 6 Ferdsel

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller deler av naturreservatet.

§ 7 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyremakta kan gjøre unntak fra fredingsforskriftene når formålet med fredingen krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredingen.

§ 8 Skjøtsel


Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredingen. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9 Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskriftena.

§ 10 Iverksetjing

Denne forskriftena trer i kraft straks.



BRATTVÆR NATURRESERVAT



Brattvær naturreservat: Bildet er tatt mot nordvest med Store Kvaløya i forgrunnen, Brattvær midt i bildet og Skalmen fyr ute i vest til venstre i bildet. Bildet er tatt i mai 2003.

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR SMØLA I MØRE OG ROMSDAL FYLKE. FREDING AV BRATTVÆR NATURRESERVAT I SMØLA KOMMUNE.

Fastsett ved kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, § 8, jfr § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr/bnr: 49/ 1,2,24

Reservatet dekkjer eit totalareal på 19,82 km². Av dette er ca. 1,91 km² landareal og ca. 17,91 km² er sjøareal.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagde kart i målestokk 1: 20000 datert Miljøverndepartementet (mdn. og år). Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekpunktene skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Smøla kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit verdifullt kystområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Spesiell verdi knytt seg til området som hekke- og næringsområde for sjøfugl og våtmarksfugl, og som leveområde for oter og havørn. Området er også viktig som fjørfellingsområde for sjøfugl.

§ 3 Verneregler

For reservatet gjeld følgjande reglar jf likevel § 4 - 5

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler fra reservatet. Tang- og taresanking er forbode. Nye planteartar må ikke innførast. Planting og såing av tre er ikke tillate.
2. Alt dyreliv, inkludert reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Nye dyrearter må ikke førast inn. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.
3. Hundar må ikke sleppast lause i reservatet.
4. Det må ikke setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, skjelkulturar som krev anlegg, plassering av campingvogner, brakker og liknande, opplag av båt, framføring av kloakkledningar, luftleidningar eller jordkablar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lagring eller dumping av avfall, tilføring av kloakk eller anna forureinande stoff, kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel, kalk eller gjødsel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikke uttømmende.
5.
 - a) Motorisert ferdsel til lands, start og landing med luftfartøy og lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av motorbåt i ferskvatn er forbode. Bruk av vannscooter, vannski, paraglider og liknande er forbode. Forbodet gjeld også bruk av motor på modellbåtar, modellfly og liknande.
 - b) All ferdsel skal skje omsynsfullt og forsiktig i samsvar med fredingas formål, slik at området sine natur- og kulturverdiar vert teke vare på.
6. Bruk av reservatet til teltleire, idrettsarrangement, jaktprøvar eller andre større arrangement er forbode.
7. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsteneste. Øvingskøyring krev særskilt løyve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Fiske inkludert skjelsanking etter eigne lovverk med forskrifter.
4. Jakt og fangst er tillate etter gjeldande lovverk i tida frå og med 21/8 til og med 14/4.
Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift , regulere tidspunktet for jakt og fangst samt forby jakt på enkelte arter ut over reglane i viltlova.
5. Fangst av villmink er tillate i tråd med jakttidsforskrift gitt i medhald av viltlova.
6. Drift og vedlikehald av grøfter, bygninger og anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.
7. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
8. Inngjerding av innmark som ein naudsnyt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av småbåt på etablert båtplass for grunneigar / rettshavar.
10. Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
11. Bruk av dressert bufehund når den blir brukt til å gjete bufe. Bruk av hund må skje utafor hekkesesongen for fugl.
12.
 - a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Motorisert ferdsel i den samband krev særskilt lov.
 - b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvalningsstyremakta.
 - c) Oppgradering og fornying av kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt, når dette ikkje medfører store negative endringar i forhold til verneformålet.
Tiltakshavar skal varsle forvalningsstyremakta før arbeidet startar.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta, kan etter søknad gi løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4 pkt. 1, 6, 7, 8, 12 bokstav a) og c),
§ 5 pkt. 2, 3, 4, 5, 6, 7, 11, 12 og sinking av drivved og opprydding.
2. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
3. Oppsetting av gjerde i samband med beiting av utmarksareal.
4. For å restaurere / halde vedlike kulturmark kan det bli gitt lov til manuelt uttak av tuegras, høymole og tistel på beite- og slåttemark. Fjerning av tre og buskar. Der det er tradisjon for det kan det og bli gitt lov til brenning av gras og lyngheier.
5. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
6. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdelsåre.
7. Vedlikehald og restaurering av kulturminne.
8. Avgrensa bruk av reservatet ut over det som er angitt i § 3 pkt. 6 og 7.
9. Jakt på grågås innanfor perioden 15.04 – 20.08 i tråd med godkjent forvaltningsplan.
10. Bruk av hund til jakt i tråd med gjeldande lovverk.
11. Etablering av nye anlegg for Kystverket.
12. Oppgradering/ fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 pkt. 12.

§ 6 Ferdsel

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller deler av naturreservatet.

§ 7 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyremakta kan gjøre unntak fra fredingsforskriftene når formålet med fredingen krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredingen.

§ 8 Skjøtsel


Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredingen. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9 Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskriftena.

§ 10 Iverksetjing

Denne forskriftena trer i kraft straks.



EDØYVALEN NATURRESERVAT



Edøyvalen naturreservat på Edøya, bildet er tatt mot nord-vest, mai 2003.

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR SMØLA I MØRE OG ROMSDAL FYLKE. FREDING AV EDØYVALEN NATURRESERVAT I SMØLA KOMMUNE.

Fastsett ved kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, § 8, jfr § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr/bnr: 12/ 1,11 – 13/ 4

Reservatet dekkjer eit totalareal på 60,8 daa. Av dette er ca. 14,3 daa landareal og ca. 46,5 daa er sjøareal.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagde kart i målestokk 1: 5000 datert Miljøverndepartementet (mdn. og år). Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Smøla kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit verdifullt havstrand- og våtmarksområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Spesiell verdi knytt seg til området som nærings- og trekkområde for sjøfugl og våtmarksfugl.

§ 3 Verneregler

For reservatet gjeld følgjande reglar jf likevel § 4 - 5

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Tang- og taresanking er forbode.
Nye planteartar må ikkje innførast. Planting og såing av tre er ikkje tillate.
2. Alt dyreliv, inkludert reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrring.
Nye dyreartar må ikkje førast inn. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.
3. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.
4. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, skjekkulturar som krev anlegg, plassering av campingvogner, brakker og liknande, opplag av båt, framføring av kloakkledningar, luftleidningar eller jordkablar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lagring eller dumping av avfall, tilføring av kloakk eller anna forureinande stoff, kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel, kalk eller gjødsel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.
5.
 - a) Motorisert ferdsel til lands, start og landing med luftfartøy og lågtflyging under 300 m er forbode.
Bruk av motorbåt i ferskvatn er forbode. Bruk av vannscooter, vannski, paraglider og liknande er forbode. Forbodet gjeld også bruk av motor på modellbåtar, modellfly og liknande.
 - b) All ferdsel skal skje omsynsfullt og forsiktig i samsvar med fredingas formål, slik at området sine natur- og kulturverdiar vert teke vare på.
6. Bruk av reservatet til teltleire, idrettsarrangement, jaktprøvar eller andre større arrangement er forbode.
7. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsteneste. Øvingskøyring krev særskilt løyve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Fiske inkludert skjelsanking etter eigne lovverk med forskrifter.
4. Jakt og fangst er tillate etter gjeldande lovverk i tida fra og med 21/8 til og med 14/4. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift, regulere tidspunktet for jakt og fangst samt forby jakt på enkelte arter ut over reglane i viltlova.
5. Fangst av villmink er tillate i tråd med jakttidsforskrift gitt i medhald av viltlova.
6. Drift og vedlikehald av grøfter, bygninger og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
7. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
8. Inngjerding av innmark som ein naudsnyt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av småbåt på etablert båtplass for grunneigar / rettshavar.
10. Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
11. Bruk av dressert bufehund når den blir brukt til å gjete bufe. Bruk av hund må skje utafor hekkesesongen for fugl.
12.
 - a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Motorisert ferdsel i den samband krev særskilt lov.
 - b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvalningsstyremakta.
 - c) Oppgradering og fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt, når dette ikkje medfører store negative endringar i forhold til verneformålet. Tiltakshavar skal varsle forvalningsstyremakta før arbeidet startar.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta, kan etter søknad gi løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4 pkt. 1, 6, 7, 8, 12 bokstav a) og c), § 5 pkt. 2, 3, 4, 5, 6, 7, 11, 12 og sinking av drivved og opprydding.
2. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
3. Oppsetting av gjerde i samband med beiting av utmarksareal.
4. For å restaurere / halde vedlike kulturmark kan det bli gitt lov til manuelt uttak av tuegras, høymole og tistel på beite- og slåttemark. Fjerning av tre og buskar. Der det er tradisjon for det kan det også bli gitt lov til brenning av gras og llynghieier.
5. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
6. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdelsåre.
7. Vedlikehald og restaurering av kulturminne.
8. Avgrensa bruk av reservatet ut over det som er angitt i § 3 pkt. 6 og 7.
9. Jakt på grågås innanfor perioden 15.04 – 20.08 i tråd med godkjent forvaltningsplan.
10. Bruk av hund til jakt i tråd med gjeldande lovverk.
11. Etableringa av nye anlegg for Kystverket.
12. Oppgradering/ fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 pkt. 12.

§ 6 Ferdsel

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller deler av naturreservatet.

§ 7 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyremakta kan gjøre unntak fra fredingsforskriftene når formålet med fredingen krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredingen.

§ 8 Skjøtsel


Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredingen. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9 Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskriftena.

§ 10 Iverksetjing

Denne forskriftena trer i kraft straks.



EDØYVALEN NATURSERVAT

Smøla kommune, Møre og Romsdal

— Grense for naturreservat

0 50 100 meter

Målestokk 1:2 000

Kartgrunnlag: N5 raster, r32-5-493-212-10aa01

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, mai 2003



FLØTJØNNA NATURRESERVAT



Fløtjønna naturreservat: Bildet er tatt mot sør-aust.
Skjøbærvågen til høgre i bildet og Fløtjønna midt i bildet, mai 2003.

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR SMØLA I MØRE OG ROMSDAL FYLKE. FREDING AV FLØTJØNNNA NATURRESERVAT I SMØLA KOMMUNE.

Fastsett ved kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, § 8, jfr § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr/bnr: 19/ 7, 10, 11, 12 – 22/ 7

Reservatet dekkjer eit totalareal på 212,9 daa. Av dette er ca. 136,1 daa landareal og ca. 81,2 daa er sjøareal og ferskvatn.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagde kart i målestokk 1: 5000 datert Miljøverndepartementet (mnd. og år). Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Smøla kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit verdifullt og svært rikt våtmarksområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Spesiell verdi knytt seg til området som hekke-, beite- trekk- og overvintringsområde for våtmarksfugl.

§ 3 Verneregler

For reservatet gjeld følgjande reglar jf likevel § 4 - 5

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå reservatet. Tang- og taresanking er forbode. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting og såing av tre er ikkje tillate.
2. Alt dyreliv, inkludert reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrring.
Nye dyreartar må ikkje førast inn. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.
3. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.
4. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, skjelkulturar som krev anlegg, plassering av campingvogner, brakker og liknande, opplag av båt, framføring av kloakkledningar, luftleidningar eller jordkablar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lagring eller dumping av avfall, tilføring av kloakk eller anna forureinande stoff, kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel, kalk eller gjødsel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.
5.
 - a) Motorisert ferdsel til lands, start og landing med luftfartøy og lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av motorbåt i ferskvatn er forbode. Bruk av vannscooter, vannski, paraglider og liknande er forbode. Forbodet gjeld også bruk av motor på modellbåtar, modellfly og liknande.
 - b) All ferdsel skal skje omsynsfullt og forsiktig i samsvar med fredingas formål, slik at området sine natur- og kulturverdiar vert teke vare på.
6. Bruk av reservatet til teltleire, idrettsarrangement, jaktprøvar eller andre større arrangement er forbode.
7. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsteneste. Øvingskøyring krev særskilt løyve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Fiske inkludert skjelsanking etter eigne lovverk med forskrifter.
4. Jakt på hjortevilt og fangst av villmink er tillate etter eige lovverk med forskrifter. Direktoratet kan av omsyn til verneformålet ved forskrift tillate eller forby jakt / fangst på dei ulike artane.
5. Drift og vedlikehald av grøfter, bygningar og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Inngjerding av innmark som ein naudsnyt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
8. Opplag av småbåt på etablert båtplass for grunneigar / rettshavar.
9.
 - a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Motorisert ferdsel i den samband krev særskilt lov.
 - b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvaltningsstyremakta.
 - c) Oppgradering og fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt, når dette ikkje medfører store negative endringar i forhold til verneformålet. Tiltakshavar skal varsle forvaltningsstyremakta før arbeidet startar.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyremakta, kan etter søknad gi løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4 pkt. 1, 5, 6, 7, 9 bokstav a) og c), § 5 pkt. 2, 3, 4, 5, 6, 7, 9 og sinking av drivved og opprydding.
2. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
3. Oppsetting av gjerde i samband med beiting av utmarksareal.
4. For å restaurere / halde vedlike kulturmak kan det bli gitt lov til manuelt uttak av tuegras, høymole og tistel på beite- og slåttemark. Fjerning av tre og buskar. Der det er tradisjon for det kan det og bli gitt lov til brenning av gras og lyngheier.
5. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
6. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsåre.
7. Vedlikehald og restaurering av kulturminne.
8. Avgrensa bruk av reservatet ut over det som er angitt i § 3 pkt. 6 og 7.
9. Oppgradering/ fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 pkt. 12.

§ 6 Ferdsel

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller deler av naturreservatet.

§ 7 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyremakta kan gjøre unntak fra fredingsforskriftene når formålet med fredingen krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredingen.

§ 8 Skjøtsel


Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredingen. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9 Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskriftena.

§ 10 Iverksetjing


Denne forskriftena trer i kraft straks.



FLØT-JØNNA NATURRSERVAT

Smøla kommune, Møre og Romsdal

Grense for naturreservat



Mälstockk 1:5 000

